



Norske Felleskjøp

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2004/341	Doknr.: 19
Motiatt: 24 JUN 2004 LP/57	
Saksbeh.: SSA	Ark.: 547.4
Kopi:	Avskr.:

Dykkar ref.:200400341-4

Vår ref.: sfl

Oslo, 21.06.2004

Høyring – forslag til forskriftsendringer under marknadsordninga for korn

Vi viser til brev av 11.05.04.

Forskrift om prissystemet for korn, mel og kraftfôr under markedsordningen for korn

Til § 1 Formål

Norske Felleskjøp er i hovudsak einig i utforminga av formålsparagrafen, og meiner dette er ei forbetring i forhold til den som gjeld i dag.

I første avsnittet er det sagt at formålet med prisnedskrivningstilskottet mellom anna er å redusere prisen på matmjøl. Norske Felleskjøp vil peike på at prisnedskrivningstilskottet blir trekt frå når ein reknar ut matmjøltilskottet og at dette såleis i prinsippet ikkje bidrar til reduserte matmjølprisar.

Andre avsnittet i formålsparagrafen vil kunne gi inntrykk av at matkornstilskottet er eit ordinært tilskott over statsbudsjettet. Dette tilskottet er ei ordning med refusjon av tollinntekter som har den effekten at matkornprisen blir redusert.

Til § 3 Prisnedskrivningstilskott

Det er viktig å utforme regelverket slik at det ikkje opnar for misbruk av tilskottsordningane. I forskrifta og i utfyllande reglar som Statens landbruksforvaltning (SLF) kan gi, bør ein søke å gi eintydige reglar som hindrar at korn kan motta tilskott meir enn ein gong og at det blir gitt klare reglar mot heimemaling.

Norske Felleskjøp er einig i formålet om å sikre omsetning gjennom marknadsordninga og bidra til å redusere omfanget av heimemaling, slik dette er nedfelt i utkastet til formålsparagraf. Utviklinga når det gjeld heimemaling er at det oppstår ulike former for samarbeid mellom to eller fleire nærliggande bruk. Det bør

H:\Markedsregulering av korn\Regelverk\høyring forskrifter -LD-Høyringsvar alt forslag.doc

Adresse:
Postboks 9237 Grønland
N-0134 Oslo

Besøksadresse:
Schweigaards gate 34 E
N-0191 Oslo

Telefon: 22 05 71 00
Telefaks: 22 17 79 50
Org. nr. 946 685 461

Internett:
<http://www.fk.no>
e-post: nfk@fk.no

Bank: FOKUS Bank
Bankgiro: 8101.05.10430

difor presiserast at ein med heimemaling meiner produksjon av kraftfôr til eitt eller eit fåtal bruk.

Til § 4 Matkorntilskott

Norske Felleskjøp viser til det som er sagt om matkorntilskottet over. Vi meiner det er grunn til å synleggjere for utanforståande at dette er refusjon av tollinntekter og ikkje eit ordinært tilskott.

Til § 5 Prisutjanningsbeløp

I siste avsnittet i paragrafen er det sagt at dette skal tilsvare gjeldande tollsats for tilsvarande vare frå ordinære GSP-land. Norske Felleskjøp vil peike på at norskprodusert soyamjøl har vesentleg høgare kvalitet, særleg med tanke på innhald av genmodifisert vare, enn ferdig ekstrahert vare. Dette kan lett gi norske produsentar ein konkurranseulempe som følgje av at prisutjanningsbeløpet ikkje tek omsyn til at det vert stilt høgare krav til norskforedla vare enn det som er mulig å stille overfor importert. Forskrifta bør gi opning for at SLF kan gjere ei særskilt vurdering av dette når prisutjanningsbeløp vert fastsett.

Til § 6 Prøvetaking

Etter Norske Felleskjøp sitt syn er siste setning i forslaget i denne paragrafen unødvendig, sidan det ein vil oppnå er tilfredsstillande dekt i den første setninga. Nærare presiseringar og definisjonar bør plasserast i SLF sine krav.

Til § 7 Opplysningsplikt

Norske Felleskjøp er skeptiske til den presiseringa som er gitt i forslaget til heimel for å krevje opplysningar. Vi ser fordelane med å kunne kontrollere betre behovet for importkvoter osv., men fryktar samtidig at det vil kunne bli lett å identifisere tall frå enkeltaktørar, med så få aktørar i bransjen. Det må difor vere ein føresetnad at resultat frå slik informasjonsinnhenting berre blir offentleggjort på eit så aggregert nivå at tall frå enkeltaktørar ikkje vil kunne lesast ut av materialet.

Norske Felleskjøp viser vidare til at det er ei overordna målsetting for forvaltninga å redusere næringslivet sin ressursbruk ved levering av informasjon til styresmaktene. Det er svært ressurskrevjande å framskaffe korrekt informasjon, og opplysningsplikta må reduserast til det som er strengt nødvendig. Vidare bør styresmaktene gå gjennom med oppgåvegjevarane kva data ein treng og kva desse skal brukast til. Dette vil bidra til betre forståing for kravet om opplysningar, det vil kunne gi betre kvalitet på det innsamla materialet og det vil kunne bidra til at informasjonsverdien i materialet ikkje blir feiltolka.

Norske Felleskjøp har for øvrig ingen merknader til departementet sine forslag til endringar i forskrifta.

Forskrift om Omsetningsrådets myndighet vedrørende markedsregulering for jordbruksråvarer (rammeforskrifta)

Norske Felleskjøp viser til vårt høyringsbrev av 13.10.03 til Statens landbruksforvaltning (SLF) i samband med høyring av Omsetningsrådet si forskrift om marknadsregulering av korn. Omsetningsrådet konstaterte i møte 05.12.04 at det var trong for ei nærare utgreiing av forsyningsplikta for korn, og saka vart utsett.

Vi legg til grunn at forslag til revidert forskrift for marknadsregulering av korn blir sendt på ny høyring når ny rammeforskrift er vedteken av Landbruksdepartementet.

Norske Felleskjøp er einig i departementet sitt forslag til endring av rammeforskrifta § 4 pkt. 1. Vi ser dette som ei nødvendig presisering, sjølv om den eksisterande regelen ikkje har skapt problem i inneverande kornår. Vi viser i den samanhengen til SLF sitt høyringsbrev av 26.09.03 der det framgår at ”Hovedregelen er at markedsregulators forsyningsplikt skal sikre markedsaktører lik tilgang til råvarer på like vilkår”.

Norske Felleskjøp viser til vårt høyringsbrev om rammeforskrifta av 28.05.03. Når det gjeld mottaksplikta i forskrifta sin § 3 har vi gitt uttrykk for at denne berre bør gjelde i ein definert overskottssituasjon, at innmeldings- og leveringsperioden må vere avgrensa og ikkje ha for sterk prismessig binding.

Det er ein grunnleggjande føresetnad for marknadsreguleringssystemet at marknadsregulator samla sett verken skal ha fordeler eller ulemper av regulatorrolla. Norske Felleskjøp har fleire gonger peika på at ein ikkje har funne denne balansen i marknadsordninga for korn og at ordninga ikkje er konkurransenøytral. Marknadsregulator for korn har ei rekke bindingar på sin forretningsaktivitet, men ingen andre fordeler enn at ordninga samla sett er gunstig for rammevilkåra for eigarane.

I § 3 pkt 1) Korn heiter det i gjeldande forskrift:

”Vedtak om markedsregulators mottaksplikt fra kornkjøpere for norskprodusert korn skal sikre avsetning av korn for alle primærprodusenter og kornkjøpere.”

Marknadsreguleringaer innretta for å gi produsenten sikker avsetning i tråd med avtalte målprisar saman med forbrukarpolitiske omsyn. For å kunne gjennomføre dette, krev styresmaktene inn omsetningsavgift frå produsenten. Omsetnings- og foredlingsledda betaler ikkje omsetningsavgift for å innfri ei slik målsetting. Det er understreka fleire gonger, mellom anna i St.meld. nr. 19, at

”Markedsreguleringssystemet er utformet av hensyn til produsentene og forbrukerne og skal ikke være et sikkerhetsnett for omsetnings- og foredlingsleddene. Departementet vil videreføre målene og de grunnleggende trekkene i markedsorganiseringen.”

Rammeforskrifta er difor i strid med dei føresetnadene som er gitt gjennom Stortinget si handtering av stortingsmeldinga, når sikring av omsetningsledda blir gjort til ein del av formålet.


Så lenge mottaksplikt frå andre aktørar skal vere del av regelverket, meiner vi denne retten må vere utforma i tråd med føresetnadene for ordninga. Norske Felleskjøp meiner at eventuell mottaksplikt frå andre kornkjøparar berre bør gjelde i ein definert overskottssituasjon.


I tråd med forskrift om markedsregulering av norskprodusert korn og oljefrø § 11, utforma Norske Felleskjøp i mars i år reglar for gjennomføring av Felleskjøpsgruppa si mottaksplikt. Reglane vart utforma i ein konkret situasjon der ein aktør hadde varsla bruk av den doble mottaksplikta og er seinare sendt til høyring hos kornhandlarane med sikte på å ha eit regelverk klar før neste sesong. Det er viktig at regelverket fortsatt har ei utforming i tråd med den noverande forskrifta § 11, som langt på veg hindrar misbruk av dobbel mottaksplikt.

Vi meiner vidare at regelen i rammeforskrifta § 3 pkt 1) er utforma alt for vidtrekkande, når det heiter ”skal sikre”. Vi foreslår følgjande utforming av første setning i § 3 pkt 1) Korn:

”Vedtak om markedsregulators mottaksplikt fra kornkjøpere for norskprodusert korn skal bidra til sikre avsetning av korn for alle primærprodusenter.”

Med vennleg helsing
Norske Felleskjøp


Lars Fredrik Stuve
Adm. dir.


Sindre Flø
Fagsjef marknadsregulering